



Internasjonalt ved Sandakaien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Utvikling hadde måndag oppsummeringsmøte om sommardrifta 2010.  
Det var på alle måtar eit godt møte med 20 frammøtte frå ulike aktørar og interesserte**



Gruppe frå Tysnes på Uskedal-besøk. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Morten Nilsen på Vertshuset er godt nøgd med drifta og god støtte lokalt og i kommunen. Båtfolk og turistar utgjør om lag 30 % av besøket. Han vil ikkje sei noko om han er aktuell for ein ny sesong. Det vert avklart tidleg på nyåret. Morten Nilsen fekk mykje ros for arbeidet sitt og ein samrøystes møtelyd oppmoda han sterkt til ny drift i 2011.

Etter ein noko treg oppstart med dårleg ver tok sommartrafikken seg godt opp i juli månad. Magne Huglen kan melda om tre gode låvedansar, noko mindre overnatting og med lite folk på pub- og konsertkveldane. Det vert førebudd ein større låvedans 2. juledag i samarbeid med Festidalen eller ein annan aktuell samarbeidspartnar.

Bjørg Inga Miljeteig frå Friheim Gardsmat seier at folk finn fram. Busslaster, grupper og godt sal på messer gjer at drifta går godt. Ein har vurdert å få skilta verksemda med lokal matlogo.

Uskedal Båtlag har til no registert 1070 besøk. Det er 95 båtar mindre enn på same tid i fjor,- truleg ein generell nedgang som gjeld alle båthamner.

Båtlaget er trass dette godt nøgd med sommaren. Hamnevertane får gode tilbakemeldingar.

Spar Uskedalen kan syna til ei god drift, trass noko nedgang i juli månad. Det er godt sal på diesel, men ein burde hatt ei løysing for bensinsal til båtturistar. Kaien og område rundt er rusta opp.

På Rabben Feriesenter er det god drift for tida. Det er noko mindre bubilar. Fleire vel langtidsferie i Uskedalen. Steinar Myklebust tok fram kloakkutsleppet i elva. Eit overløp i fleire veker verka uheldig på elvefiske. Han synte til Vikedal med mange gode tiltak i elva.

Turgruppa i idrettslaget gjer ein stor jobb med rydding og merking av turløyper i fjellet. Kvinnherad turlag tek meir ansvar for guida turar. Solfjelløpet har ein stigande status. Løypa er god og ein vil meir enn før leggja vekt på at dette også er eit godt eigna familietilbod.

Solheim Turiststasjon har eit svært godt belegg for tida. Det er leigearbeidarar, gjester med slekt i Kvinnherad og eit aukande besøk etter hotellet på Husnes avslutta si drift.

Arbeidsgruppa i Uskedalen Utvikling kan elles melda at det har vore 3 bygdevandringar og at det har vore gjort

eit godt arbeid med informasjon og profilering.

På Bøkkerverkstaden har det vore to opne arrangement og fleire private samlingar. Museumsdagen var vellukka. Det same må sei om Aktivitetsdagen i juni.

Elveigarlaget, Øyro Marina og Festidalen var ikkje med på møte. Difor er det vanskeleg å sei noko om drifta deira.

Frå dei frammøtte kom det fram eit klart ynskje om at Festidalen må tilbake med sitt arrangement i 2011. Bygda treng eit stort og markert arrangement.

Av forbetringar vart dette vektlagd:

- Bättre samarbeid om felles tiltak
- Informasjon og profilering
- Pakketilbod
- Finna ut korleis bygda kan få næringseffekt av den aukande fjellklartringa i Ulvanoso
- Tiltak for å gjera sentrum meir attraktiv,- leikeplass, rasteplass, rydd og orden

Av Kristian Bringedal



Friheim Gardsmat driv godt. (Foto: Ola Matti Mathisen)